

MERKNAD TIL AVGRENSA HØYRING I REG.PLAN FOR FRITIDSBUSTADAR
KJERKALEVIK 137/19 M.FL. PLANID 201724 (høyringsfrist 16.10.2023)

- I saksutgreiinga datert 24.08.23 vert det vist til §15-3 femte ledd om erstatning – les dette som ei mogleg «urban jordskiftesak». Vi godtar ikkje at det vert gjort gjeldande for dette planområdet, og forstår det slik at dette er lite kjent og lite brukt (med andre ord usikkert – tidkrevjande og dyrt) og kor det då vil vera bruk for advokathjelp for partane og kanskje fleire rundar i rettssystemet.
- Jordskiftelova/urbant jordskifte kan nyttast i reguleringplanar der utbygging er avhengig av tilleggsareal for å verta godkjente. I denne planen er ikkje dei resterande eigedomar avhengige av areala som statsforvaltaren har påklaga, og dei kunne like gjerne takast ut.

Vil minne om at, ved oppstart av denne reguleringsplanen var det 6 parter – og planområdet var vesentleg mindre. Bømlo kommune utvida området for reguleringsplanen, som då fekk fleire partar. Det er nokre av desse «nye» partane som no dessverre ikkje får innfridd sine ynskjer p.g.a. motsegn frå Statsforvaltaren

Vi stiller oss undrande til at Bømlo kommune no legg ansvaret for dette over på partane i planen Jfr. s. 12 (siste avsnitt) i saksutgreiinga vedlagt avgrensa høyring.

Det er Statsforvaltaren som stoppar planlagt utbygging for Hammer, Skjetne og Hanssen. (ikkje Bømlo kommune og ikkje plan-partane) Det er gamle kulturminner og aurebestanden i elva som er årsaka til dessverre ufråvikelege merknader frå Statsforvaltaren.

I motsegn frå Statsforvaltaren i Vestland datert 12.05.21 med supplerande merknader står å lesa:

Utlaupet av Lyklingelva som anadromt vassdrag vert negativt råka av planforslaget..... dei viser til fleire paragrafar. I tillegg krev Statsforvaltaren at det ikkje kan byggjast på BFR 14 og 16 grunna kulturmiljø og landskap.

Eventuelle erstatningskrav må rettast til rette instans.

Minnar om at området i gjeldande kommuneplan for Bømlo 2013 – 2025 er fritidsbebyggelse og det foreligg derfor **ingen ny endring for bruk av området**, men krav om detaljplan for utbygging.

Anne Karin Norenes Astrid og Anton Dahl Nielsen John Våge
Sølvi Ollestad Hanne Omdahl Leif Gunnar Våge